



# **NATURMANGFALD**

## **Kystvegen Sogn og Fjordane**

Delrapport til regional utgreiing

## FØREORD

Dette notatet om naturmangfald er utarbeidd som ein del av grunnlagsmateriale for utgreiing av trasé for ein samanhengande kystveg gjennom Sogn og Fjordane.

Arbeidet med notatet vart starta opp av Synnøve Stalheim i Statens vegvesen og er slutført av Arne Kringlen frå Norconsult AS i februar 2017.


Datainnsamlinga er gjennomført ved gjennomgang av aktuelle databasar mellom anna fylkesatlas og naturbase, samt andre relevante planar og utgreiingar. Det er ikkje gjennomført synfaring for dette temaet.

# INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>METODE</b>	<b>4</b>
2.1	DEFINISJON OG AVGRENSING AV TEMA	4
2.2	FRAMGANGSMÅTE OG GRUNNLAGSMATERIALE	4
2.3	KJENDE KONFLIKTAR	4
<b>3</b>	<b>NATURMAGFALSSVURDERINGAR</b>	<b>5</b>
3.1	DELSTREKNING 1 SLØVÅG–RUTLEDAL	5
3.2	DELSTREKNING 2 RUTLEDAL–DALSFJORDBRUA	8
3.3	DELSTREKNING 3 DALSFJORDBRUA–GROV (RV. 5)	12
3.4	DELSTREKNING 4 GROV–SØRDALEN	17
3.5	DELSTREKNING 5 SØRDALEN–NAVEOSEN	19
<b>4</b>	<b>OPPSUMMERING DELSTREKNINGAR</b>	<b>21</b>
<b>5</b>	<b>KOMBINASJONSALTERNATIV OG TILRÅDING</b>	<b>23</b>
5.1	VURDERING AV KOMBINASJONSALTERNATIVA	23
5.2	SAMLA VURDERING	23
	<b>KJELDER</b>	<b>26</b>

# 1 INNLEIING

Kystvegen er eit fylkeskommunalt vegprosjekt langs kysten frå Bergen til Ålesund. Dette notatet gjeld tema naturmangfald, i ei overordna utgreiing om Kystvegen. Den overordna utgreiinga skal sjå på korleis ein kan få ein samanhengande kystveg gjennom Sogn og Fjordane, kva funksjon og standard denne vegen skal ha, tiltak på delstrekningar, ulike traseval og kostnadsoverslag. Prosjektområdet i Sogn og Fjordane strekker seg frå Sløvåg i Gulen kommune i sør til Naveosen i Vågsøy kommune i nord. Strekinga er delt inn i 5 delstrekningar.



Figur 1-1: Oversikt over aktuelle veglinjer og oppdeling i delstrekningar: Statens Vegvesen

## 2 METODE

### 2.1 Definisjon og avgrensing av tema

Føremålet med notatet er å få fram kunnskap om naturmangfaldsverdiane i influensområdet til dei aktuelle vegalternativa og omtale regionale og nasjonale verknader. Det skal ikkje lagast konsekvensanalyse på dette stadiet.

Temaet gjeld naturmangfald knytt til landjorda, ferskvatn og marine (brakkvass og saltvass) system, inkludert livstilhøva (vassmiljø, jordmiljø) knytt til desse. Naturmangfald vert i samsvar med naturmangfaldslova (nml) definert som biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald som i mindre grad er eit resultat av menneskeleg påverknad. Verknader for landskapsmangfald vert handtert under landskapstemaet, elles dekkjer naturmangfaldtemaet lova sine omgrep.

### 2.2 Framgangsmåte og grunnlagsmateriale

I utforminga av veglinjene som ligg føre har ein hatt tilgang til kjent kunnskap om naturmangfaldet og undervegs søkt å unngå potensiell konflikthar.

Datainnsamlinga i samband med denne utgreiinga er gjennomført ved gjennomgang av aktuelle databasar mellom anna fylkesatlas og naturbase, samt andre relevante planar og utgreiingar.

Det er ikkje gjort ei systematisk gjennomgang av konsekvensar for naturmangfaldet i denne utgreiinga – dette må gjerast i seinare planleggingsfasar, t.d. konseptvalutgreiingar, kommunedelplanar eller reguleringsplanar. Vurderingane har eit regionalt perspektiv, og konflikthar og inngrep som ikkje er omtalt er ikkje vurdert på dette overordna nivået. Grunna manglande synfaring og dels unøyaktig kunnskapsgrunnlag er det stor usikkerheit rundt vurderingane. I vidare planlegging må det gjerast grundigare undersøkingar og vurderingar, der synfaring av strekningane inngår.

### 2.3 Kjende konflikthar

I utgangspunktet kjenner vi ikkje til at det er mange eller store direkte konflikthar i høve til naturmiljøet langs alternativane per i dag. Vegen ligg likevel mange stader inntil viktige naturførekomstar. Det er eit potensiale for at desse er eller kan bli påverka i anleggsfasen, eller seinare ved drift av vegen gjennom avrenning, slått, grøfterensk mm. Det kan også skje uhell på vegen, slik at giftig stoff lek ut i verdifulle naturområde eller vassdrag.

## 3 NATURMAGFALSSVURDERINGAR

### 3.1 Delstrekning 1 Sløvåg–Rutledal

Delstrekning 1 følgjer i hovudsak fv. 57 frå Sløvåg til Rutledal i Gulen kommune. Det ligg berre føre eit alternativ for strekninga.

#### **Sløvåg aust**

Nord for rv. 57 ved Sløvågen finst eitt større samanhengande område, på meir enn 1000 dekar, med intakte låglandsmyrar. Lokaliteten er vurdert som svært verneverdig, med nasjonalt verdi (svært viktig). Myrlandskapet er splitta opp av open lynghei, furuskog og bekkar. Det største samanhengande myrkompleksa er omlag 100 daa. Avgrensinga av området er usikker (Id BN00031381, kartlagt 1984). Deler av arealet som ligg inntil fylkesvegen er i dag massetak, og resterande er avsett til næring i kommuneplan til Gulen (2015). Veglinja kjem ikkje i direkte berøring med området.

#### **Eidsbotnen**


Inst i Eidsfjorden ligg eit mindre brakkvassdelta/brakkvasspoll som er skilt frå hovudfjorden av vegen ut mot Sellevåg. Lokaliteten er vurdert til regional verdi (viktig), sidan slike miljø er sjeldsynte i regionen. Indre delar blir blottlagt ved fjøre sjø, og har ein del mudderbanker. I tillegg er det inst ei smal sone med havstrandvegetasjon (Id BN00031404, kartlagt 2003). Lokaliteten er også registrert som ein lokalt verdifull rasteplass for våtmarksfugl (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernvedelninga 1985). Avgrensinga av området føl fylkesvegen. Ny veg er planlagt å gå i tunnel aust for området, og vil ikkje kome i berøring med dette.

#### **Høyvika**

Ved utbetring av dagens trase vert det behov for utfylling i sjø i to grunne viker. Grunne område er generelt viktige som beiteområde og rasteplass for ulike artar våtmarksfuglar. Det er svært få næringsrike grøntområde, og det er difor generelt viktig å ta vare på slike område. Grunne område i utlaup av små vassdrag kan òg vere viktige leveområde for sjøaure.

#### **Grindevatnet**

Vatnet er funnlokalitet for vårfluga *Adicella reducata*, som i Norge berre er kjend herifrå og frå Gisketjern på Jæren. Arten er knytt til kjelder og bekkar. Arten er vurdert som sjeldsynt. Lokaliteten er vurdert som svært viktig, med nasjonal verdi sidan ein raudlista art som er sjeldsynt (R) er funnen her. Avgrensinga av området føl i hovudsak riksvegen. Utbetring av eksisterande veg bør skje vest for eksisterande veg.



Figur 3-1: Temakart naturmangfold på delstrekning 1, kystvegen gjennom Sogn og Fjordane. Statens Vegvesen.

## Viltkartlegging

Gulen kommune har gjennomført ei viltkartlegging av kommunen (2006). Kartlegginga omfattar artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og pattedyr. Det er lagt spesiell vekt på artar med økonomisk og rekreativ verdi (først og fremst hjortevilt), truga- og sårbare artar (raudlisteartar), område som er viktige for enkelte artar eller artsgrupper og område som er spesielt artsrike. Område Sløvåg aust som er registrert i naturbasen, med ei noko justert utforming, inngår her. I tillegg òg Eidsbotnen. Det er ikkje andre (større) område frå denne kartlegginga som kjem i konflikt med ny vegtrase.

## Oppsummering

Veglinja som ligg føre på delstrekning tek i stor grad omsyn til dei store kjente naturmangfaldsverdiane og konfliktpotensiale synest lågt. I samband med seinare detaljert planlegging må det gjerast optimalisering av veglinja i dei mest sårbare områda (nærføring til viktige naturtypar) gjennom konsekvensvurderingar. Optimalisering kan medføre forskyving av veglinje, vurdering av tunnel forbi sårbare område og andre avbøtande tiltak.



## 3.2 Delstrekning 2 Rutledal–Dalsfjordbrua

### Innkorta ferjesamband til Solund (S1) og fastlandssamband til Solund (S2)

#### Lekva


Rik sump- og kildeskog, om lag 2,1 dekar. Sumpskogen ligg ved eit flatt meanderande bekkeparti ved Lekva på nordsida av Lifjorden. Langs bekken veks det svartor og gråor. Feltsjiktet inneheld nokre næringskrevjande artar som vårkål, bekkeblom, kvitsymre, engsyre og hengjeveng. Grøfting er eit generelt trugsmål mot sumpskogbestandar. Skogen bør stå i fred for skogsdrift (id BN00068512, kartlagt 2003). Aktuell veglinje S2 kjem ikkje i konflikt med den aktuelle veglinja.

#### Storelva

Vernegrunnlaget er urørtheit. Vassdraget er eit lite kystnært vassdrag ved innløpet til Sognefjorden (areal 11 km<sup>2</sup>). Vassdraget er viktig del av et særprega og kontrastrikt landskap dominert av skog, bart fjell, foss og fossestryk. Det er eit stort biomangfald knytt til botanikk, landfauna og vassfauna. Friluftsliv er viktig bruk. Verneplan for vassdrag IV 1993. Alternativ veglinje S2 går under område i tunnel.

#### Losnegard

Områda ved Losnegard har fleire lokalitetar, naturbeitemark langs sjøen nasjonal verdi, austsida edellauskog regional verdi, sørausthjørten at Losna naturbeitemark med regional verdi, edellauskog av regional verdi. I dette området er det også registrert fleire truga raudlisteartar. Ved etablering av fergekai, veg og tunnelinnslag for alternativ S1 i dette område må påverknaden på naturmangfaldet vurderast.



Figur 3-2: Naturmangfald ved alternativ for tilkopling til Solund på delstrekning 2, kystvegen gjennom Sogn og Fjordane. Statens Vegvesen.

## Felles strekning Rutledal–Dalsfjordbrua

### Bøelva

Lokaliteten består av strandeng og strandsump. Naturtypen er sjeldan i kommunen, og er vurdert som lokalt viktig (verdi C). Området ligg på ei flate på vestsida av elveosen til Bøelva. Vatn frå elva skapar eit brakkvassmiljø for dei artane som lever her. Strandenga ligg omtrent på høgde med havnivå og blir til dels overfløymd ved høg flo. Substratet i utkanten mot sjøen består av finare grus, medan inne på enga er det meir silt og leire. Planter som veks på staden er blant anna strandkjempe, fjøresivaks, fjørestorr, krypkvein, fjøresaulauk, tiriltunge, gåsemure, strandrøyr, saltsiv, klengjemaure, tepperot, skjørbuksurt, strandkjeks og fjørekoll (Id BN00068514, kartlagt 2003).

Bøelva og vatna er lakseførande frå Leirvik til øvre del av Staurdalsvatnet. Føreslått vegline vil krysse elva ved Stigestand.

### Foss bru

Fuktenga, med regional verdi, ligg i nærleiken av Foss bru i øvre del av Stegestrandsvatnet. Enga har truleg vorte danna som eit deltaområde frå Fosselva som i dag er regulert. Marka er flat og konstant fuktig. Ved høgare vassføring går vatn inn på enga. I utkanten er det mudderbotn, noko som er viktige miljøforhold for pusleplantar slik som sylblad, evjebrodd og evjesoleie. Andre planter som veks på fuktenga er gulldusk, myrhatt, bekkeblom, mjødukt, flaskestorr, bukkeblad, myrtistel og elvesnelle. Truleg er lokaliteten av interesse for våtmarksfugl på trekk (ID BN00068492). Føreslått vegline vert om lag 50 meter frå fuktenga.


### Aksavatnet

Aksevatnet er verna som fuglefredningsområde (1991), og er eit av dei største oligotrofe vatna i Hyllestad. Vatnet er omgitt av lynghei, skogkledde lier og jordbruksareal. I vatnet er det fleire vegetasjonsrike bukter, som er prega av lite næringskrevande artar. Aksevatnet utgjør ein sentral del av eit våtmarkssystem i regionen. I alt er 42 fuglearter med tilknytning til våtmark registrert. Det er ikkje gjort større inngrep i området. Føreslegen veglinje er lagt utanom dette området.

### Guddalsvassdraget

Guddalsvassdraget er ei låglandvassdrag, med elvar, vatn og myrområde. Vassdraget er varig verna, og inngår i eit variert og attraktivt landskap. Det varierte og småskalerte landskapet saman med det generelt urørte preget gir opplevelse av villmark (Verneplan for vassdrag IV 1993). Det er store kulturminneverdiar i området, og friluftsliv er viktig bruk. Fjellområda har mange små, men velutviklede lågheier med ein vegetasjonstype som er sjeldan i kystdistrikta. Hoveddalen har ei rekkje vatn. Mellom desse renn elva i variert løp, frå markerte fossestryk til rolege elveløp med stille loner. Elver og vann er viktige landskapselementer. Området frå Markhusvatnet til Flekke inngår i vassdraget. Eksisterande og ny vegline har nærføring til vatn og vassdrag på lengre strekningar innan området.

Flekkeelva, som inngår i Guddalsvassdraget, er lakseførande frå Flekkefjorden til Harefossen.



Figur 3-3: Temakart naturmangfold på delstrekning 2, kystvegen gjennom Sogn og Fjordane. Statens Vegvesen.

### **Skor naturreservat**

Verneføremålet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med særleg verdi som hekkelokalitet for fleire kravfulle og sjeldsynte artar. Verneområdet er eit ca. 3 km langt vassdrag i Skor, med fleire grunne vegetasjonsrike vatn: Skortjønna, Pertjønna, Fuglevatnet og Botnavatnet. Areala rundt vassdraget er prega av lauv- og furuskog. Botnavassdraget er særleg viktig som hekke- og trekklokalitet for ande- og vadefugl. Songsvane har hekka fleire gongar. Andre sjeldsynte artar i regionen som er funne hekkande i Skor er m.a. sørleg gulerle og sivsongar. Skor er det einaste våtmarksområdet i Sogn og Fjordane som var med i lista over 40 norske område i "Oversikt over viktige våtmarker i Norden". Viktig del av eit større våtmarkssystem i regionen (Id VV00001287, kartlagt 1991). Føreslegen veglinje er lagt utanom dette området.

### **Flekketjønna**

Brakkvannspoll med regional verdi, areal 14 daa. Pollen ligg inst i Flekkefjorden, og er omkransa av jordbruksland og myrområde. Ved flo sjø går saltvatnet inn i pollen gjennom ein kanal som går ut i Flekkefjorden. Artar som veks i strandsona til pollen er pollsivaks, strandvindell, myrhatt, mjødurtt, høymole, sløkje og klengemaure. Verdivurdering: velutvikla næringsrik poll samt førekomst av den regionalt sjeldne arten pollsivaks gir verdien B (viktig) for naturtypen (Id BN00068478, kartlagt 2003). Føreslegen veglinje er lagt utanom dette området.

Storeelva i Dale er lakseførande til kraftstasjon ved Raknebergslia. Føreslått utbetra veg kryssar der dagens fylkesveg kryssar elvi.

### **Haugen ved Dale**

Føreslått ny vegline vil krysse gjennom eit lokalt viktig edellauvskog. Tresjiktet består av hassel, ask, alm, gråor, hegg og bjørk. Innanfor området er det planta ein god del gran, noko som reduserer den biologiske verdien. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men storklokke og vivendel er funne (IdBN00068455, kartlagt 2004).

### **Oppsummering**

På denne delstrekninga er det ei rekke viktige naturtypar/-område. I samband med seinare detaljert planlegging må det gjerast optimalisering av veglinja i dei mest sårbare områda (nærføring til viktige naturtypar) gjennom konsekvensvurderingar. Optimalisering kan medføre forskyving av veglinje, vurdering av tunnel forbi sårbare område og andre avbøtande tiltak.

### 3.3 Delstrekning 3 Dalsfjordbrua–Grov (rv. 5)

#### Ytre alternativ A1 og A2

##### Eikenes

Ved Eikenes ligg ei regionalt viktig hagemark med intakt, fin jordnøtteng og gamle, grove styvingstre. Ytre line A1 og A2, av kystveg må utbetrast i område frå Eikenes og i retning vestover. Ved vidare planlegging må denne lokaliteten takast omsyn til (IdBN00025795, kartlagt 2003). Rivedalselva er lakseførande til Vagstad. Alternativ ny vegline ytre via Rivedal vil krysse elva i området ved Kleiva.

##### Midtbøen

Lokalt viktig naturbeitemark som ligg nord for Midtbøen opp mot den bratte Rivedalskletten. Kystmaure var ein dominerande art. Av beitemarkssopp vart berre seig vokssopp *Hygrocybe laeta* og skjør vokssopp *H. ceracea* funne. Delar av beitemarka var i ferd med å gro igjen av einer (Id BN00025870, kartlagt 2004). Alternativ ny vegline A1 via Rivedal vil krysse lokaliteten.

##### Løykene


Intakte låglandsmyrar med regional verdi (areal 119 dekar). Myrområda ligg inntil og vest for Hellesetvatnet, som er ein rik kulturlandskapssjø vurdert som lokalt viktig. Ugrøfta myrar i kulturlandskapet er sjeldan helt ned mot havnivå på fastlandet i ytre kyststrøk på Vestlandet. Det er ikkje funne spesielle artar eller rikmyrvegetasjon på lokaliteten (Id BN00025847, kartlagt 1985, 2003). Områda ligg sør for rv 609. Ved utbetring av vegen i ytre line A2, må denne lokaliteten takast omsyn til.

##### Askvika naturreservat

Askvika med Straumen, Leira og Kylleren er eit estuar; ein relativt sjeldan naturtype i Noreg, og som det finst svært få av på Vestlandet. Reservatet er 1289 dekar. Askvika er den viktigaste trekklokaliteten, og ein av dei viktigaste overvintringslokalitetane for vassfugl i fylket. Askvika og Leira er og viktige som hekkeplassar. Området er vurdert som svært verneverdig ut frå naturtypen sin sjeldenheit, storleik og verdiane knytt til strandengene (Id BN00025798, freda 1991). Alternativ A2 passerer område i eksisterande veg og ved utbetring av denne må denne lokaliteten takast omsyn til.

##### Søreidet

Heilskapleg kulturlandskap, hagemark av regional verdi på eidet mellom Kylleren og Eidsfjorden (127 dekar). Det kuperte landskapet er oppdelt av steingardar, og eng- og beitemark ligg mellom trekledde knausar. Det går to "dalføre" mellom Eidsfjorden og Kylleren forbi Søreidet, og naturverdiane i området er mest knytt til den vestre, som går forbi murane etter husmannsplassen Smettet. Her går beitemarka dels over i hagemark. Ned mot Kylleren i den austre vika ligg ein godt beita og inngjerda (steingard) svartorhage, som kanskje er den viktigaste kvaliteten på lokaliteten. Bakken ned mot Kylleren i vest er saltvasspåvirka (Id BN00025801, kartlagt 2003). Ytre veglinje alternativ A2 går i lang tunnel forbi dette området og unngår inngrep i lokaliteten.



Figur 3-4: Temakart naturmangfold på delstrekning 3, kystvegen gjennom Sogn og Fjordane. Statens Vegvesen.

### **Norddalen**

Naturbeitemark med nasjonal verdi ved Eidsfjorden. Av naturengplantar finst finnskjegg, gulaks, legeveronika, blåkklokke, geitsvingel, kattedot, fjellmarikåpe og blåtopp. Av beitemarkssopp vart berre mønjevokssopp funnen. Funn av sårbar sopp medverkande til høg verdi på området (Id BN00025866, kartlagt 2004). Lokaliteten finst på begge sider av vegen, og utbetring av vegn vil gje inngrep i lokaliteten. Ytre veglinje alternativ A2 går i lang tunnel forbi dette området og unngår inngrep i lokaliteten.

### **Eidsfjorden austside**

Naturbeitemark med nasjonal verdi (211 dekar). På austsida av Eidsfjorden er det bratte liser ned mot vegen og fjorden. Landskapet er ope, stort sett utan tre og busker. I dei små dalane er det til dels grasdominert vegetasjon som blir halden i hevd med sauebeite. Engene er magre og artsmangfaldet av karplanter er truleg nokså lågt. Funn av fleire beitemarkssopp. Dette omfatta også den sårbare og sjeldsynte arten grå narremusserong. Potensialet for å finne fleire beitemarkssopp, også raudlisteartar, er ganske høgt. Det er også eit potensiale for kravfulle moser og kanskje lav på beskytta berghamre i fjordlia (Id BN00025848, kartlagt 1994). Ytre veglinje alternativ A2 går i lang tunnel forbi dette området og unngår inngrep i lokaliteten.

### **Stong**

Hagemark (hasselhage) av regional verdi. Hassel står enkeltvis eller i klynger ved store steinblokker, ved rydningsrøyser og langs steingardar. Hasselbuskene er påverka av sauebeite. Forutan hassel inngår også selje, rognasal og gråor i tresjiktet, medan kristtorn finst spreidd. Feltsjiktet er grasdominert med artar som englodnegras, gulaks, engfrytle, raudsvingel og knegras. I tillegg inngår nøysame urter som td. jordnøtt, prestekrage, smalkjempe, tiritunge, kystgrisøyre, blåkklokke og hårsvæve, samt noko meir næringskrevande artar som engknoppurt, kvitbladtistel og revebjølle. Hasselhager er ein uvanleg naturtype i Askvoll og i regionen (Id BN00025844, kartlagt 1990). Ytre veglinje alternativ A2 går i ein ny korridor aust for sentrum i Stongfjorden og opp til Stongsvatnet og unngår difor inngrep i lokaliteten.

### **Stong-Årøyane**

Naturbeitemark av regional verdi eller nasjonal verdi. Kulturbetinga vegetasjon dominerar i dei åpne partia. Delar av beita ber noko preg av gjødsling, men det er også parti som er artsrike, dominert av naturengplantar. Av beitemarkssopp vart funne skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp, mønjevokssopp, grå vokssopp, seig vokssopp, skarlakenvokssopp, kritvokssopp, honningvokssopp og raud honningvokssopp. Mest sopp var det øvst, til dels ovanfor utmarksgjerdet. Lokaliteten får verdi svært viktig (A), på grunn av raudlista sopp og fordi han fortsatt er ganske artsrik og har baserik berggrunn. Preget av attgroing trekkjer noko ned (Id BN00025803, kartlagt 2004). Ytre veglinje alternativ A2, går i ein ny korridor aust for sentrum i Stongfjorden og opp til Stongsvatnet og unngår difor inngrep i lokaliteten.

### **Selvik**

Nordvendte kystberg og blokkmark av nasjonal verdi. Lokaliteten ligg heilt inntil vegen. Her går dei bratte berghamrane nesten rett i sjøen, berre med ei smal sone med rasmark nedst.

På nedre delar av berghamrane og på eldre lauvtre i rasmarka er det ein rik og velutvikla flora av råmekrevjande lav knytt til lungenever-samfunnet. M.a. vart det funne sparsamt med dei sårbare artane kranshinnelav og rand- eller kystprikklav. Av kystbundne planter veks både hinnebregne, ramslauk og kystmaigull her. Lokaliteten får verdi svært viktig (A), sidan fleire lavartar med høg raudlistestatus veks her (id BN00025808, kartlagt 2003). Ytre alternativ A2 kjem i nærleiken av denne lokaliteten og dette må takast omsyn til ved detaljplanlegging av veglinja.

## Opprusting fv 611 og fv542

### Lauvberget

Rik edellauvskog av regional verdi. Ligg i ei bratt sørvendt li på nordsida av Førdefjorden. Riksvegen skjer gjennom nedre del av lia. Det er mest lauvskog her, men det har også vori planta noko sitkagran. I tillegg er det ein del bergvegger og nokre naturleg opne enger (rasbetinga). ilhøva. Floraen er ganske artsrik og prega av varmekjære, kystbundne artar. I tillegg er det eit høgt innslag av gras i feltsjiktet, noe som vitner om tidlegare omfattande beite. Svartor er bestandsdannande. I tillegg er det noko alm og hassel og einskilde eiketre. Av edellauvskogsplantar veks det m.a. kusymre, skogfredlaus, ramslauk, lundgrønaks, junkerbregne og skogstorr. I tillegg vart asal-arter sett (truleg bergasal) (Id BN00017904, kartlagt 2002). Alternativ A1 passerer område i eksisterande veg og ved utbetring av denne må denne lokaliteten takast omsyn til.

### Seter

Lokalt viktig slåttemark- utvald naturtype i ei skråning ovanfor riksvegen om lag 40–60 moh. Slåtteeenga fylgjer det terrasserte terrenget, og har både slake og bratte areal. Enga er tett og artsrik med dominans av jordnøtt, smalkjempe, englodnegrass og gulaks. I enkelte delar er det stort innslag av prestekrage. Ellers førekjem nøysame artar som raudsvingel, markfrytle, bakkeveronika, ryllik, blåklokke, tepperot, følblom, kystgrisøyre, og meir næringskrevjande artar som engsoleie, engkarse, engsyre, kvitkløver, tveskjeggveronika, hundekjeks, engrapp og jonsokblom. Supplerende informasjon: etter feltarbeid 28.8.2003: Området var framleis godt beita av sau. Artsinventaret i enga verka vesentleg fattigare, truleg som følge av fleire år med kunstgjødsling. Med sein årleg slått og beite vår og haust, samt svak gjødsling (helst naturgjødsel) vil ein kunne ta vare på artsmangfaldet. (BN00017909, kartlagt 2003). Alternativ A1 passerer område i eksisterande veg og ved utbetring av denne må denne lokaliteten takast omsyn til.

Både på Seter og Kvellestad førekjem naturtypen «Store gamle trær» og «Hule eiker». Alternativ A1 passerer område i eksisterande veg og ved utbetring av denne må denne lokaliteten takast omsyn til.

### Svortevik

Urterik slåtteeeng som ligg på begge sider av fylkesvegen. Utvald naturtype, vurdert til regional verdi, men status er usikker (Id BN00003294, kartlagt 1989). Alternativ B1 passerer område i eksisterande veg og ved utbetring må denne lokaliteten takast omsyn til.

### Gardavika



Ålegrassamfunn av regional verdi (BN00105396, kartlagt 2013). Ytre alternativ C1 kjem ikkje innpå lokaliteten, men passerer i nærområdet.

#### **Vika**

Ålegrassamfunn av regional verdi (BN00105386, kartlagt 2013). Ytre alternativ A1 og A2 kjem ikkje innpå lokaliteten, men passerer i nærområdet.

#### **Sunnarvika**

Ålegrassamfunn av regional verdi (BN00105322, 2013). Ytre alternativ C1 kjem ikkje innpå lokaliteten, men passerer i nærområdet.

#### **Øvre Sandvikelva**

Ved øvre del av Sandvikelva og ved Høyvikvatnet er det fleire viktige naturtypar. Åsen sørsida med rik edellauvskog sett til svært viktig A (BN00085580, 2007). Høyvikvatn rikmyr sett til Svært viktig A (BN00003289) og Sandvikelva gammel boreal lauvskog sett til viktig B (BN00085502). Ytre alternativ C2 passerer gjennom området og det må takast omsyn til naturtypane i samband med detaljplanlegging av vegen.

#### **Sandvikbotnen naturreservat**

Kystfuruskog (BN00003360) og varmekjær lauvskog (VV00001987). Variant av ytre alternativ er planlagt i tunnel under naturreservatet og vil truleg ikkje påverke området. OM det vert endringar i detaljprosjekteringa må lokaliteten takast omsyn til.

### **Indre alternativ**

#### **Russeneset**

Store gamle tre, hole gamle eiker, som er eit utvald naturtype verdivurdert til regional verdi. Ei innhol eik innafor friluftsområdet (Id BN00017906, kartlagt 2002). Veglinja rører ikkje friluftsområde.

#### **Osenelva**

Lakseførande strekning 30,6 km. Laks og sjøaure. Indre alternativ passerer vassdraget på avgrensa strekningar og har lite konfliktpotensiale.

### **Oppsummering**

På denne delstrekninga er det fleire alternativ. Eit ytre alternativ med variantar og eit indre alternativ. Det indre alternativet går for det meste i tunnel fram til bru over Ålesundet og vidare med lange tunnelstrekningar til påkopling med rv5 vest for Storebru. Konfliktpotensialet med naturmangfald er minimalt.

Ytre alternativ med variantar har større grad av veg i dagen og følgjer ein del dagens veg. Alternativa passerer ein del naturtypar og kryssar nokre få. Konfliktpotensialet er låg heilt til vi kjem til alternativ C2 som går vestover før Eikefjorden via Sandvika over til rv 5 ved Helgøya. I område Øvre Sandvikelva er det stor potensiale for å påverke viktige naturtypar.

## 3.4 Delstrekning 4 Grov–Sørdalen

### Indre alternativ (rv. 5 til Myklebustdalen)

#### Flogen nordside

Gamal barskog, med regional verdi (BN00085557, kartlagt 2005). **nøyaktighet** 50 – 100 m Grove trær og funn av rødlisteart (NT). Største delen består av furuskog, men og av ospeskog. Furuskogen består av en karakteristisk fukttallskog med eldre trær. Skogen er eldst og mest tettvaksen øvst i området. Indre alternativ passerer området i dagens veglinje. Ved detaljprosjektering må det takast omsyn til lokaliteten.

#### Klubben

Rik edellauvskog, av typen alm–lindeskog, verdivurdert som viktig (BN00085599, kartlagt 2007). **Nøyaktighet** 20 – 50 m. Rasmarker med alm (rødlisteart, NT) og eit visst edellauvskogspreg med tilhøyrande verdier. Indre alternativ går inn i tunnel i dette området. Ved detaljprosjektering må det takast omsyn til lokaliteten.

### Felles strekning Myklebustdalen–Sørdalen

Resten av strekninga kjem ikkje i berøring med særskile naturverdiar med unntak av område på Indrehus/Indrehusvatnet. På denne strekninga er det utarbeidd kommunedelplan for ny veg Indrehus – Svelgen, der det føreligg konsekvensutgreiing.

På strekninga Svelgen –Sørdalen går vegen i dagens trase og tek av i tunnel mot Bortnepollen rett før naturvernområdet Sørdalen (VV00001333).

### Ytre alternativ (Grov til Myklebustdalen)


Alternativet passerer i nærleiken av område med ålegras. Dette er mellom anna Helgøysundet med verdisetjing svært viktig (BN00105365) og Grønengsvågen med verdisetjing viktig (BN00105399). Ved detaljprosjektering må det takast omsyn til lokalitetane.

#### Storelva–Grønflaten

Gammel fattig edellauvskog (BN00085618) Lokaliteten er vurdert som svært viktig (A), sjølv om ingen raudlisteartar vart påvist. Grove og dels hole edellauvtre vurderast generelt som særst verdifulle element i landskapet med stort potensiale for kravfulle og raudlista artar, og dette er av dei betre forekomstane i regionen. Liknande miljøe er kjent frå andre stader innover fjordsystema i Flora kommune, men manglar stort sett elles på kysten av Sogn og Fjordane. Alternativet kjem i land i nærleiken av lokaliteten og ved detaljprosjektering må det takast omsyn til dette.

### Oppsummering

Ingen av alternativa kjem i direkte konflikt med naturmiljø/typar, men passerer område med høg verdi. Konfliktpotensialet er mykje likt for dei to alternativa.



Figur 3-5: Temakart naturmangfold på delstrekning 4, kystvegen gjennom Sogn og Fjordane. Statens Vegvesen.

## 3.5 Delstrekning 5 Sjørdalen–Naveosen

### Indre alternativ Kollset–Bryggja

#### Åsnes

Rik edellauvskog, Svært viktig BN00000555. Lågurtskog med innslag av alm–lindeskog og or–askeskog. Noe grov ask, eik, osp og alm. Arter som kvit skogfrue (1 eks – vestgrense), stortveblad, breiflangre, vårmarihand, vanlig nattfiol, myske, lundgrønaks, svarterteknapp, sanikel, ramsløk, galleteppemose, lungenever, sølvnever, kystfittlav, kastanjelav m.v. Anm.: Vestre del av lokaliteten ligger i Vågsøy kommune, men de botanisk mest interessante partiene ligger i Eid.

### Ytre alternativ Kollset–Bryggja

#### Skorpeholmane naturreservat

Skorpeholmane naturreservat VV00001297 To holmar og nokre mindre skjer nær munningen av Nordfjorden på nordsida av Rugsundøy. Hekkeplass for måsefugl, men sterkt tilgroing med buskfuru og lauvtre dei siste ti åra førte til redusert bruk fram til rydding av skog blei gjennomført. Av påvist hekkande artar kan nemnast hegre, ærfugl, siland, vipe, tjeld, steinvendar, fiskemåse, svartbak og makrellterne. Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Begge brualternativa i ytre ligg i god avstand til Naturreservatet med låg konflikt potensiale.


### Felles strekning til Møre og Romsdal fylkesgrense

#### Sollibakken ved Maurstad

Dette er ei sørvendt eng dominert av jordnøtt og rødsvingel med verdisetjing «viktig». Den er ganske artsrik med en god del typiske nøysomme naturengplanter. Bl.a. forekommer markfrytle, kystgrisøre og småengkall. Ved undersøkelsen rundt 1990 ble enga beitet vår og høst av rundt 100 sau og slått en gang på sommeren. Det ble samtidig tilført litt kunstgjødsel. Veglinja går i dagens veglinje forbi området. Det må takast omsyn til lokaliteten ved detaljprosjektering.

### Oppsummering

Ingen av alternativa kjem i direkte konflikt med naturmiljø/typar, men passerer område med høg verdi. Konfliktpotensialet er mykje likt for dei to alternativa.



Figur 3-6: Temakart naturmangfold på delstrekning 5, kystvegen gjennom Sogn og Fjordane. Statens Vegvesen.

## 4 OPPSUMMERING DELSTREKNINGAR

### **Delstrekning 1 Sløvåg–Rutledal**

Veglinja som ligg føre på delstrekning tek i stor grad omsyn til dei store kjente naturmangfaldsverdiane og konfliktpotensiale synest lågt. I samband med seinare detaljert planlegging må det gjerast optimalisering av veglinja i dei mest sårbare områda (nærføring til viktige naturtypar) gjennom konsekvensvurderingar. Optimalisering kan medføre forskyving av veglinje, vurdering av tunnel forbi sårbare område og andre avbøtande tiltak.

### **Delstrekning 2 Rutledal–Dalsfjordbrua**

På denne delstrekninga er det ei rekke viktige naturtypar/–område. I samband med seinare detaljert planlegging må det gjerast optimalisering av veglinja i dei mest sårbare områda (nærføring til viktige naturtypar) gjennom konsekvensvurderingar. Optimalisering kan medføre forskyving av veglinje, vurdering av tunnel forbi sårbare område og andre avbøtande tiltak.

### **Delstrekning 3 Dalsfjordbrua–Grov (rv. 5)**

På denne delstrekninga er det fleire alternativ. Eit ytre alternativ med variantar og eit indre alternativ. Det indre alternativet går for det meste i tunnel fram til bru over Ålesundet og vidare med lange tunnelstrekningar til påkopling med rv5 vest for Storebru. Konfliktpotensialet med naturmangfald er minimalt.


Ytre alternativ med variantar har større grad av veg i dagen og følgjer ein del dagens veg. Alternativa passerer ein del naturtypar og kryssar nokre få. Konfliktpotensialet er låg heilt til vi kjem til alternativ C2 som går vestover før Eikefjorden via Sandvika over til rv 5 ved Helgøya. I område Øvre Sandvikelva er det stor potensiale for å påverke viktige naturtypar

### **Delstrekning 4 Grov–Sørdalen**

Ingen av alternativa kjem i direkte konflikt med naturmiljø/typar, men passerer område med høg verdi. Konfliktpotensialet er mykje likt for dei to alternativa.

### **Delstrekning 5 Sørdalen–Naveosen**

Ingen av alternativa kjem i direkte konflikt med naturmiljø/typar, men passerer område med høg verdi. Konfliktpotensialet er mykje likt for dei to alternativa.



Figur 4-1: Oversikt delstrekninger. Statens Vegvesen.

## 5 KOMBINASJONSALTERNATIV OG TILRÅDING

### 5.1 Vurdering av kombinasjonsalternativa

For å kunne samanlikne samanhengande kystvegtraséar er det sett saman 7 kombinasjonsalternativ som analysegrunnlag. Kombinasjonane er vist på neste side.

Kombinasjonar	Naturmangfald
Kombinasjon A – Indre trasé	Denne kombinasjonen kjem, saman med F og G, best ut på grunn av lange strekningar i tunnel og lange strekningar i dagens vegkorridor, på delstrekningane 3 og 4. Denne kombinasjonen har det lågaste konfliktpotensialet av kombinasjonane.
Kombinasjon B – Ytre trasé	Denne kombinasjonen har eit noko høgare konfliktpotensial enn kombinasjon A, på grunn av meir veg i daglinje som kjem nær/kryssar lokalitetar med viktige naturtypar.
Kombinasjon C – innkorting nord-sør	Denne kombinasjonen har noko høgare konfliktpotensial enn kombinasjon A, på grunn av meir veg i daglinje som kjem nær eller kryssar lokalitetar med viktige naturtypar. Likt med B.
Kombinasjon D – utbetring av dagens veg	Svakt lågare konfliktpotensial enn B og C fordi kombinasjonen ikkje kryssar over ved Sandvik/Sandvikbotnen mot Florø, men følgjer dagens rv. 5.
Kombinasjon E – ytre trasé med ferjer	Svakt lågare konfliktpotensial enn B og C fordi kombinasjonen ikkje kryssar over ved Sandvik/Sandvikbotnen mot Florø, men følgjer dagens rv5. Likt med D
Kombinasjon F – kurve indre-ytre	Likt konfliktpotensial med kombinasjon A på grunn av lange strekningar i tunnel i delstrekning 3.
Kombinasjon G – kurve ytre-indre-ytre	Likt konfliktpotensial med kombinasjon A på grunn av lange strekningar i tunnel i delstrekning 3.

### 5.2 Samla vurdering

Med omsyn til naturmangfaldet er det ikkje identifisert vesentlege konfliktrar i nokon av kombinasjonane som er aktuelle. Grunnen til dette er at store deler av vegen går i same korridor som dagens veg og at ein med optimalisering i detaljprosjekteringa vil kunne gå utanom eller iverksetje avbøtande tiltak. Korridorane som er aktuelle har ikkje stort konfliktpotensiale.

Om ein skal rangere kombinasjonane er det A og F som kjem best ut på grunn av lange strekningar i tunnel i delstrekning 3. Dette reduserer naturleg konfliktpotensialet. Deretter kjem alternativ D og E fordi dei går innom Eikefjorden og på rv 5 mot Florø, istadenfor å



krysse over ved Sandvik/Sandvikbotnen. Størst konfliktpotensiale har B og C fordi dei begge kryssar mot Florø over Sandvik/Sandvikbotnen.

Samla sett har ingen av kombinasjonane slikt konfliktpotensiale for naturmangfald at det bør ha avgjerande vektning når endeleg alternativ skal veljast.

### Kart som viser kombinasjonane



**Kombinasjon A**



**Kombinasjon B**



**Kombinasjon C**




**Kombinasjon D**



Kombinasjon E



Kombinasjon F



Kombinasjon G

## Kjelder

Fylkesatlas Sogn og Fjordane: <http://www.fylkesatlas.no>

Naturbase.no

Google Street View: <https://www.google.no/maps/>

Kilden, NIBIO (Norsk Institutt for Bioøkonomi): <http://kilden.nibio.no>

Norge i 3D. <http://www.norgei3d.no/>

Gulen Kommune, viltkartlegging 2006



Statens vegvesen  
Region vest  
Ressursavdelinga  
Askedalen 4 6863 LEIKANGER  
Tlf: (+47 915) 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no

[vegvesen.no](http://vegvesen.no)

**Trygt fram sammen**